



## Møteprotokoll for Eldrerådet

**Møtedato:** 22.08.2018

**Møtestad:** Slissøyyna/Skarvøyyna - det sosiale rommet

**Møtetid:** 12:00 - 13:00

Møtedeltakarar	Parti
Hilde Koppen	Ap
Ottar Tangen	FrP
Erling Herøy	H
Møtedeltakarar vara	Parti
Ingrid Handeland	Ap
Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Elsa Herøy	H
Einar Thomassen	Krf

---

**Følgende fra administrasjonen møtte:**

Charlotte Lilleheil, Nils Moldøen

---

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
002/18	Godkjenning av møtebok
003/18	Planlegging av Eldredagen 2018
004/18	Eventuelt

## **001/18: Godkjenning av møteinkalling og sakliste**

### **Behandling:**

Ottar Tangen foreslår at man får innkalling på SMS i tillegg til mail. Vi vert einige om at dei som er interessert i dette leverer nummeret sitt til Charlotte.

### **Vedtak:**

Møteinkalling og sakliste vert godkjent. Samrøytes vedteke.

---

## **002/18: Godkjenning av møtebok**

### **Behandling:**

### **Vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent. Samrøytes vedteke.

---

## **003/18: Planlegging av Eldredagen 2018**

### **Behandling:**

Erling Herøy har forslag til dato: torsdag 4. oktober klokka 16. Helge Brekke har blitt spurd om å vere hovedtalar og har sagt ja.  
I tillegg ønskjer eldrerådet å ha med ungdommer frå kulturskulen. (Erling hører med Tord Marøy).  
Det vil vere servert betasuppe og dei vil spørje Losen (Erling).  
Kaffe og tebrød må kjøpast på butikken, Charlotte tar seg av innkjøp etter instruks frå Erling.  
Charlotte hører med med Signe kva som vart kjøpt i fjar. Små flasker.  
Diskusjon om korleis motivera eldre til å kome seg ut på tur i felleskap. Dette er eit tema som er ønskjeleg å ha med på eldredagen, og det er ønskjeleg at dette også kommer med på informasjon på heimesider. Erling tar kontakt med Kristin Aase om ho kan bidra på eldredagen då ho har kunnskap om tema.  
Oppslag på butikken, Hilde Koppen sender materiale frå i fjar til Charlotte.  
Styret i eldrerådet tar seg av dekorasjon av lokale, og møtast klokka 14.30.

**Vedtak:**

Eldrerådet er samd om at det vert arrangert eldredag den 4. oktober.

---

**004/18: Eventuelt****Behandling:**

Terrasse på sjukeheimen: Erling Herøy har fått ein del spørsmål om korleis arbeidet går, for dei som har gitt pengar til dette. Rådmann har notert spørsmålet og skal finne ut av dette.

Det er ønskjeleg med fleire møter i eldrerådet om året. Rådmann positiv til dette, foreslår dette kan gjerast i samband med budsjett. 14. november 2018 vert foreslått. Rådmann ønskjer også at eldrerådet skal sjå på kulturminneplanen som er laga, plan for rehabilitering samt andre saker som kan vere relevant for eldre.

Eldrerådet ønskjer kommunestyret ser på satser for tapt arbeidsfortjeneste kronetaket vert justert. Rådmann noterer seg dette.

Eldrerådet ønskjer ein fast sekretær. Rådmann noterer seg dette.

Ingrid Handeland tar opp at psykisk helse kvart år lager julebord for dei eldre og det skal markerast verdensdag for psykisk helse. I fjar var det ikkje julebord og mange vart skuffa. Eldrerådet ønskjer at dette ikkje skjer i år.

Eldreråd ønskjer å bli meir involvert generelt i saker som har med eldre og funksjonshemma å gjere.

Rådmann foreslår at eldrerådet kan invitere kommunale leirarar på møter med eldrerådet, samt rådmann.

**Vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering.

---